



**KONTROLLUTVALET I
VESTNES KOMMUNE**

**Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt
arbeid**

Valperioden 2015 – 2019

1. Innleiing

Valperioden 2015 – 2019 nærmar seg slutten og eit snart 4-årig virke for kontrollutvalet i Vestnes kommune er i ferd med å fullførast. For å kunne oppsummere eiga verksemd, for å kunne sette eige arbeid og resultat i eit kritisk lys, og for å kunne gje det påtroppande kontrollutvalet ei god innføring til sitt arbeid, ønskjer kontrollutvalet å gje ei evaluering av sitt eige arbeid i valperioden.

2. Om kontrollutvalet, mandat og samansetjing

Kontrollutvalet vert valt av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktig til å velje eit kontrollutval. Kontrollutvalet skal ha sekretærbistand i sitt arbeid og kommunestyret skal i medhald av kommunelova sørgje for dette.

2.1 Kontrollutvalet si samansetjing i perioden

Kontrollutvalet i Vestnes kommune har for perioden 2015 – 2019 følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leiar	Stig Holmstrøm*	Ap		1	Lars Christian Fjærtøft	V
Nestleiar	Gro Ødegård	H		2	Ingrid Skjeggstad**	Sp
Medlem	Birgit Torkildson Grotle	Ap		3	Olav Egil Tomren	Krf
Medlem	Frank Ove Belsvik	Frp		4	Frank Schneider Villa	Sv
Medlem	Dagfinn Wiik*	Pp				

* medlem av kommunestyret.

I kommunestyremøte 19.5.2016 vart Ingrid Skjeggstad** valt som nytt 2. varamedlem til kontrollutvalet etter Grete Eik Bjermeland, som er tilsett i Vestnes kommune.

Ingrid Skjeggstad starta i stilling som kulturrådgevar i Vestnes kommune 1. oktober 2018. Frå den tid var ikkje Skjeggstad valbar til kontrollutvalet. Ho vart då ikkje kalla inn som vara til møter, men kommunestyret har ikkje valt ny vara i hennar stad.

2.2 Rammer for utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, kor deira mandat har grunnlag i kommunelova si føresegn om internt tilsyn og kontroll § 77:

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølge kommuneloven sørgje for at følgjande oppgåver blir utført:

- Rekneskapsrevisjon – sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein trygg måte, gje uttale om årsrekneskapen og sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskapen blir følgt opp.
- Forvaltningsrevisjon – utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, basert på ei overordna analyse, følgje og rapportere resultatata frå forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunestyret.

- Gransking eller undersøkingar – på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret, ta tak i forhold som kan oppfattast som uønskt eller i strid med mål om ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.
- Selskapskontroll – utarbeide plan for selskapskontroll og føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.
- Val av revisjonsordning – kontrollutvalet gjev innstilling om val av revisjonsordning til kommunestyret og eventuelt innstiller på val av revisor.
- Budsjett – utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

Innan desse rammene skal kontrollutvalet utøve tilsynsrolla på vegne av kommunestyret, for å bidra til god tenestekvalitet, effektiv ressursutnytting og å sikre at politiske vedtak blir følgt opp.

Reglement for kontrollutvalet

Det vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Retningslinene vart vedtekne i sak 65/2011 av kommunestyret i møte den 29.9.2011. Revidering av eksisterande reglement vart behandla av kontrollutvalet i møte 24.6.2015 og vart vedteke av kommunestyret i sak 66/2015.

Reglementet gir retningslinjer for samansetjing av utvalet, sakshandsaming, ressursar og oppgåver.

2.3 Kontrollutvalet sine ressursar

Sekretariat

Reglement for kontrollutvalet fastslår at utvalet skal ha sekretariatsbistand tilpassa deira behov. Kontrollutvalet har sekretariatsbistand frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet vart etablert i 2005 etter vertskommunemodellen med Molde kommune som vertskommune. I 2013 vedtok medlemskommunane å endre organisasjonsforma for sekretariatet til eit Interkommunalt Samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 som eit eige rettssubjekt. Selskapet vart oppretta med verknad frå august 2013. I 2014 vart bemanninga i kontrollutvalssekretariatet auka frå 1 til 2 årsverk. Det hadde då lenge vore uttrykt behov for ein bemanningsauking i sekretariatet på grunn av aukande arbeidsmengde.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, støttar kontrollutvalet med praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, samt vedtaksoppfølging. Sekretariatet er bindeledd mellom utval, revisjonsselskap, og administrasjon og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet.

Revisjon

Revisjonsordninga skal være tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eigen organisering og internkontroll.

Ved starten av valperioden var Vestnes kommune medeigar i og hadde avtale om levering av revisjonstenester med Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Selskapet vart etablert i 1993 og leverte revisjonstenester til Vestnes kommune samt 8 andre kommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Våren 2015 fatta Vestnes kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sidan då levert revisjonstenester til kommunen.

Kommunestyret delegerte til kontrollutvalet ansvar for å inngå ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som regulerer dei tenesten som selskapet leverer.

I starten fordelte revisjonsselskapet ressursane sine i forhold til årlige honorar som vart betalt av medlemskommunane. Frå 1.1.2019 gjekk selskapet over til honorar etter medgått tid.

Selskapet har utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for kommunen. Til rekneskapsrevisjon vert nytta det timetallet selskapet kvart år finn nødvendig for å kunne stadfeste kommunen sin årsrekneskap. Ressursane til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert brukt på bakgrunn av kontrollutvalet sine bestillingar av prosjekt, basert på plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll vedtatt av kommunestyret.

Økonomi

Kontrollutvalet utarbeider et forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 7 §18

Kontrollutvalet har kvar haust lagt fram eit forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. I dette budsjettet har inngått kostnader knytt til utvalet sjølv, sekretariatstenester og revisjonstenester. Budsjettet har fordelt seg slik:

- 2016 - 882 500,-
- 2017 - 893 650.-,
- 2018 - 857 250.-,
- 2019 - 1 022 000.-

Nedgangen i 2018 skuldast at Kontrollutvalssekretariatet budsjetterte med bruk frå disposisjonsfond og at Vestnes kommune grunna folketalsnedgang fekk redusert sin prosentvise del av utgiftene til sekretariatet. Auken i budsjettet for 2019 skuldast auke i revisjonskostnader, då revisjonen gjekk over til fakturering etter medgått tid. Beløpet for 2019 er stipulert ut frå forbruk i 2018.

3. Arbeid i utvalet

3.1 Møter

Det har gjennom perioden vore halde 5 møter pr. år. Møtefrekvensen er tilpassa utvalet sin aktivitet og i forhold til omfanget av saker som har vore handsama. Det er frå utvalet sine medlemmer gjeve uttrykk for at det til nokre møter er mange saker/saksdokument. Det kan vurderast om ein bør utvide talet på møter til 6 pr. år. Kontrollutvalet sine møter er i hovudsak lagt til kommunehuset.

Utvalet har vore oppteken av å vere ein synleg del av organisasjonen og å halde seg oppdatert på kva som rører seg innan dei ulike verksemdsområder. Ved mange av kontrollutvalet sine møter har det vært gitt orienteringar frå administrasjonen på forskjellige verksemdsområder i

kommunen. Kontrollutvalet har også i perioden besøkt fleire av kommunen sine verksemdar. Føremålet med verksemdsbesøk er å bli kjent med den kommunale forvaltninga, og at dei tilsette skal bli kjent med kontrollutvalet.

Informasjon frå dei som jobbar i kommunen og som kjenner forholda best er vurdert som spesielt viktig for kontrollutvalet. På den måten har utvalet fått førstehands kunnskap og føresetnader for å gjere jobben dei er satt til.

Utvalet har i valperioden hatt følgjande verksemdsbesøk/orienteringar som alternativ til verksemdsbesøk:

- Byggesaksbehandling (2016)
- Tresfjord Trygdeheim (2017)
- Tomrefjord skule (2018)

3.2 Saker

Ein stor del av kontrollutvalet si sakshandsaming omfattar forhold dei er pålagt å arbeide med gjennom krava i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kva fokus som vert valt knytt til dei ulike arbeidsoppgåvene, er i stor grad opp til utvalet sjølv å definere. Gjennom forvaltningsrevisjonar er det internkontroll og rutinar i kommunen som peiker seg ut som det området som har fått størst merksemd, sjå eget avsnitt om gjennomførte forvaltningsrevisjonar i perioden. Kontrollutvalet har i tillegg hatt fokus på Fylkesmannen sine tilsynsrapportar og kommunen si oppfølging av desse.

Kontrollutvalet si sakshandsaming er samanfatta i ein tiltaksplan som bygger på Plan for kontrollutvalet si verksemd. Ein kan så eit visst mønster frå år til år knytt til kva slag saker som kjem opp til dei ulike tider på året.

I tillegg til dei lovpålagte saksområda og saker som kontrollutvalet tek opp, hender det at utvalet får førespurnader frå innbyggjarane, som rører ved områder som kan vere innanfor kontrollutvalet sitt ansvarsområde. Slike førespurnader vert handsama seriøst uavhengig om det er eit forhold som blir undersøkt vidare eller at kontrollutvalet finn at dette ikkje er ei sak som høyrer til deira funksjon å sjå på.

Kontrollutvalet har gjennom valperioden gått gjennom store deler av kommunen si verksemd og handsama 39 saker i 2015, 39 saker i 2016, 37 saker i 2017, 36 saker i 2018 og 33 saker så langt i 2019 (siste møte for det sitjande kontrollutvalet er 2. september). Dette er langt fleire saker enn i førre valperiode.

3.3 Deltaking i relevante fora

For å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for utvalet si oppgåveløysing deltek medlemmene på konferansar og samlingar, når det vert vurdert som relevant og mogeleg. Av ”faste” arrangement utvalet har vært representert på i perioden er:

- Nasjonal konferanse for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).
- Nasjonal konferanse i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

I tillegg har det i perioden vore arrangert årlege fellessamlingar for kontrollutvalsmedlemmene i dei 9 medlemskommunane som er knytt til Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Føremålet med samlingane var ulike tema som er aktuelle for kontrollutvalsmedlemmer til dømes; Arbeid i kontrollutvalet, kommuneøkonomi og habilitet.

Kontrollutvalet i Vestnes er medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) og deltek på årsmøta til FKT som vert arrangert i samband med Nasjonal konferanse i regi av FKT, i den grad dei er representert på konferansen.

4. Rekneskapsrevisjon

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte,(...)

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget.

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 4

Kontrollutvalet handsamar saker om rekneskapsrevisjon på fleire måtar gjennom året. Det er etablert rutinar for fleire orienteringar frå oppdragsansvarleg revisor til kontrollutvalet i løpet av året. Først på hausten så blir plan for komande revisjonsår presentert, vidare blir det rapportert om status for revisjonsåret på første møte på nyåret (interimsrapport). Den endelege rapporten frå revisjonsåret vert gjeve i samband med avlegging av revisjonsrapport og knytter seg særskilt til arbeidet med revisjon av årsrekneskapen

Kontrollutvalet gjev si fråsegn til Vestnes kommune sitt årsrekneskap. Etter Vestnes kommune sitt økonomireglement så skal kontrollutvalet også gje uttale til store investeringsprosjekt vedtekne av kommunestyret. Kontrollutvalet har i siste møte denne valperioden, fått seg forelagt sluttrekneskap/Byggjerekneskap for «Sjøfronten» Kontrollutvalet følgjer også med på den økonomiske utviklinga i Vestnes kommune gjennom året, ved gjennomgang av driftsrapportane som vert lagt frå for formannskap og kommunestyre.

Revisjon av årsrekneskapen

Kontrollutvalet har gitt si fråsegn til kommunen sine årsrekneskap i valperioden. Fråsegna er meint å vere med som grunnlag for kommunestyret sine avgjersler når kommunestyret har vurdert om kommunen sitt rekneskap skal godkjennast eller ikkje. Kontrollutvalet sine fråsegner i perioden kan oppsummerast slik:

2015: Sak 10/16: Vestnes kommune sin rekneskap for 2015 viser kr 413 482 634.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 564 530.-. Netto driftsresultat er negativt med kr 4 891 405 .-. Kontrollutvalet merka seg i revisors nøkkeltal at kommunen sin arbeidskapital er på -8 % og under fylkesmannen sitt måltal på 5 %. Fleire sektorar har hatt vanskar med å halde budsjett i 2015. Barnehagesektoren, grunnskulane og SFO og Barne- og ungdomstenestene har vesentleg meirforbruk.

2016: Sak 11/17: Vestnes kommune sin rekneskap for 2016 viser kr 443 857 738.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 309 031.-. Netto driftsresultat er kr 1 508 629.-. Kontrollutvalet merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,2 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 0,1 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %.

2017: Sak 17/18: Vestnes kommune sin rekneskap for 2017 viser kr 466 320 355.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 162 715.-. Netto driftsresultat er kr 4 610 995.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 3 309 031.-. Kontrollutvalet merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,9 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. I revisjonen sin uttale om øvrige lovmessige krav, så er det ein merknad til at driftsbudsjettet ikkje vart vedtatt i balanse slik budsjettforskrifta § 5 seier. Det er også skive eit nummerert brev om dette.

2018: Sak 14/19: Vestnes kommune sin rekneskap for 2018 viser kr 476 518 247.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 615 589.-. Netto driftsresultat er kr 6 970 702.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 8 763 716.-. Kontrollutvalet merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 1,4 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,8 % av brutto driftsinntekter. Kontrollutvalet har merka seg også at investeringsrekneskapen er avslutta med 27,1 mill. kroner i u-dekka midlar.

5. Forvaltningsrevisjon

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 5

Kontrollutvalet skal utgreie behovet for, planleggje og bestille forvaltningsrevisjonar i kommunen og resultatane frå arbeidet skal rapporterast til kommunestyret.

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 24/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 27.10.2016 i K sak 96/2016.

Arbeidet med forvaltningsrevisjon har vore høgt prioritert i heile utvalsperioden. Kontrollutvalet har gjort mange vurderingar og hatt drøftingar for å finne gode arbeidsmetodar både i prioritering av prosjekt, samarbeid med revisjonsselskapet og i samband med handsaming av avlagte rapportar.

Frekvensen for utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon skal i medhald av kommunelova vere minimum ein gong i kvar valperiode. Vestnes kommune har hatt rutinar for utarbeiding av slike planar. Det har blitt tatt ei gjennomgang av plana som er vedteken når det blir gjort nye bestillingar.

Kontrollutvalet har hatt dialog med den politiske og administrative leiinga undervegs i prosessen med utforminga av plan for forvaltningsrevisjon og tatt med seg konstruktive innspel til planlegginga av forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Ved bestilling av dei enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekta har utvalet lagt mykje arbeid i å få innretta bestillingane slik at dei skal ha fokus på dei forholda utvalet meiner er viktig. Samarbeidet og dialogen med revisor har vore viktig.

Alle forvaltningsrevisjonar vert systematisk lagt fram for kontrollutvalet etter kvart som dei er ferdig. Alle rapportane er sendt vidare til kommunestyret. Etter kommunestyret si handsaming og vedtak, er rapportane følgt opp med tanke på å sjå til at vedtaka blir realisert og arbeid vidare med i administrasjonen.

5.1 Gjennomført forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har i valperioden handsama to forvaltningsrevisjonsprosjekt og hatt oppfølging av eit tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt :

Forvaltningsrevisjonsrapporten **Samhandlingsreformen i Vestnes kommune** vart lagt fram i førre valperiode, i møte 24.06.15 sak PS 18/15. Med følgjande tilrådingar:

1. Vestnes kommune bør forbetre arbeidet med oversikt over helsetilstanden og samanhengen mellom kommunen sine helseutfordringar, mål og strategiar og rapportering
2. Vestnes kommune bør vidareutvikle det tverrfaglige samarbeidet om folkehelse og avklare korleis dette best kan ivaretakast.
3. Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan inklusiv stillingsplan.
4. Vestnes kommune bør vidareutvikle arbeidet med å sikre heilskaplege og koordinerte tenester, medrekna å legge til rett for koordinator og tverrfagleg samarbeid.
5. Vestnes kommune bør sikre medverknad, forankring og vurdere ansvarsfordeling for oppfølging av samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal.

Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017. Oppfølginga viste at Revisjonen vurderte at administrasjonssjefen i hovudsak hadde følgd opp eller hadde konkrete planar for oppfølging av tilrådingane. Revisjonen rådde til at kontrollutvalet heldt seg orientert om utviklinga av tverrfaglege fora som folkehelseutval og planforum. Revisjonen rådde også til at kontrollutvalet heldt seg orientert om utviklinga nå det gjaldt avtalen mellom Vestnes kommune og Helse Møre og Romsdal HF sitt punkt om involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverknad.

I møte 9.5.2018 fekk kontrollutvalet orientering knytt til attstånde arbeid med oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapport «**Samhandlingsreformen i Vestnes kommune**». Kommunalsjef for helse og omsorg, Greta Bjerke, orienterte utvalet.

Bjerke opplyser at dei ikkje er heilt i mål. Når det gjeld oppfølging av tilråding nr. 1, så vart det i hausten 2017 lagt fram ei sak til kommunestyret, sak 72/2017, om helsetilstanden. Det vart då vedtatt at tilsvarande rapport skal leggest fram i 2020 med ei enno meir omfattande oversikt. Denne skal danne grunnlag for arbeid med Kommuneplanen sin samfunnsdel. I 2019 vert det då sett ned arbeidsgrupper som skal arbeide med dette, i denne samheng vil det også bli arbeid med fora som folkehelseutval og planforum.

Det andre punktet som revisjonen rådde kontrollutvalet til å følgje opp, var knytt til avtalen mellom Vestnes kommune og Helse Møre og Romsdal HF og involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverking. Greta Bjerke opplyser at den enkelt kommune ikkje sit i forhandlingar med Helseforetaket. I desse forhandlingane sit nokre som representerer kommunane. Dette er representantar frå rådmannsutvala. Det er også med brukarrepresentantar, som representerer brukarorganisasjonane. Det er med brukarrepresentantar både i det overordna samhandlingsfora og i det lokale samhandlingsutvalet.

Kontrollutvalet valde i møte 7.5.2019 å avslutte oppfølging av dette forvaltningsrevisjonsprosjektet, då den anbefalinga som står att ikkje vil bli fullført før i 2020.

Kontrollutvalet har i møte 2.10.2017, sak 23/17, handsama følgjande forvaltningsrevisjonsrapport:

- **Vestnes kommune - Helsestasjon- og skolehelsetenester**

Rapporten vart endeleg behandla i kommunestyret 19.10.2017, sak 90/2017, der det vart fatta følgjande vedtak:

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Vestnes kommune – Helsestasjon- og skolehelsetenester** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
 - Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med vidareutvikling av samarbeidsrutinane.

- Vestnes kommune bør prioritere arbeidet med kompetanseplan og blant anna vurdere behovet for auka kompetanse innan psykisk helse.
 - Vestnes kommune bør sikre at tolketenesta fungerer tilfredsstillande.
 - Vestnes kommune bør vidareutvikle samarbeidet om det psykososiale arbeid i skolane.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgte og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
 3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje skriftleg tilbakemelding på oppfølginga til kontrollutvalet, innan ein periode på 12 – 18 mnd.

Oppfølging av rapporten vart handsama i møte 12.2.2019, sak 03/19. Administrasjonssjefen har gav kontrollutvalet ein grundig statusrapport om korleis tilrådingane er fult opp. Denne viser følgjande: Når det gjeld 1. tilråding, så vurderer sekretariatet at denne tilrådinga er godt følgte opp. Det er uheldig at Vestnes kommune ikkje har kunna prioritere arbeidet med ein overordna kompetanseplan. Dette var også ei tilråding som var framsett i samband med gjennomføring av det førre forvaltningsrevisjonsprosjektet som vart gjennomført i 2015 «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Dette bør difor følgjast opp, då det er viktig å sikre godt samsvar mellom kompetanse og behov i kommunen. Kontrollutvalet oppmodar til at kommunen så godt det lar seg gjere, må finne andre løysingar dersom det ikkje vert levert bestilte tolketenester. Samt rapportere tilbake når ein ikkje er tilfreds med levering og kvalitet. Det er planlagt arbeid knytt til vidareutvikling av samarbeidet om det psykososiale arbeidet i skolane. Tilbakemeldinga frå administrasjonssjefen viser at so langt er det berre sett i verk konkrete tiltak knytt til den første tilrådinga. Utvalet vedtok å følgje med på det attståande arbeidet, og har bedt om statusrapport for vidare oppfølging i kontrollutvalsmøte 2.9.2019.

Kontrollutvalet handsama i møte 26.6.2019 sak 21/19 forvaltningsrevisjonsprosjektet **Hjemmetjenesten i Vestnes kommune**. Det vart tilrådd at kommunestyret gjer følgjande vedtak:

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Vestnes kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten «**Hjemmetjenesten i Vestnes kommune**» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:
 - Vestnes Kommune skal sikre at hjemmetjenesten har nødvendig informasjon om brukere og at denne oppdateres fortløpende.
 - Kommunen skal sikre bedre kommunikasjon innad i hjemmetjenesten.
 - Kommunen skal sikre at tjenesteyterne registrerer alle tilleggstenester som blir gitt hjemme hos brukar.
2. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å syte for at tilrådingane blir følgte og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
3. Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere om heimetenesta er tenleg organisert, m.a. vurdere korleis nærleiken for tenesteytarane til leiar kan bli betre.
4. Kommunestyret ber administrasjonssjefen om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 4. november 2019.

Kontrollutvalet anbefalar det nye utvalet å ha ei vidare oppfølging av dette forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Utvalet meiner å ha satt fokus på viktige områder i sine prosjekt, men vil samtidig understreke betydninga av å gjennomføre relevante forvaltningsrevisjonar i alle delar av kommunen si verksemd. Kontrollutvalet si rolle som bestillar er særskild viktig i denne samanhengen, særleg i forhold til å velje rett tidspunkt for undersøkingane og ikkje minst vere konkret i forhold til

kva som skal undersøkast og kva ein ønskjer å få svar på. Dette er ei oppgåve som det påtroppande kontrollutvalet vert anbefalt å gje høg prioritet.

5.2 Granskingar eller undersøkingar

Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter oppmodning frå kommunestyret gjennomføre granskingar eller undersøkingar. Dette har ikkje vore ein sentral del av utvalet si verksemd i valperioden, då dei fleste større undersøkingar er organisert som ordinære og planmessige forvaltningsrevisjonar. Slike undersøkingar kan også føre til seinare forvaltningsrevisjonar.

Kontrollutvalet har denne valperioden gjort ei undersøking av **habilitet knytt til utbyggingssaker i Vestnes kommune**, på bakgrunn av eit varsel frå ein innbyggjar i Vestnes kommune

Kontrollutvalet fekk melding frå administrasjonssjefen om at kommunen 20.12.2017 mottok eit anonymt varsel oversendt frå Fylkesmannen. Varselet inneheld påstandar om brot på habilitetsreglar og korrupsjon i Vestnes kommune, knytt til utbyggingssaker.

Administrasjonssjefen sendte kontrollutvalet ein rapport om korleis varslingsaka er handsama og kva som var administrasjonssjefen sin konklusjon.

På bakgrunn av dette vedtok kontrollutvalet i møte 20.2.2018 å bestille ein avtalt kontrollhandling frå Møre og Romsdal Revisjon IKS for gjennomgang av eit utval utbyggingssaker frå 2016, 2017 og 2018, for å vurdere om sakene har blitt handsama i tråd med habilitetsreglane i forvaltningslova og kommunen si eiga rutine for handtering av inhabilitet. Funna frå denne gjennomgangen vart handsama i kontrollutvalet sitt møte 24.9.2018.

Revisjonen konkluderer med at Vestnes kommune har eigne rutinar for handtering av inhabilitet.

Vidare var det viktigaste funnet frå undersøkinga at ein person i kommunen sin administrasjon som var inhabil til å saksbehandle ei utbyggingssak, hadde deltatt på førehandskonferanse. Ein førehandskonferanse er eit møte mellom kommune, tiltakshavar og andre faginstansar for nærare avklaring av rammer og innhald i eit tiltak. Administrasjonen har også i ettertid vurdert at deltaking på førehandskonferanse for person som er inhabil til å saksbehandle, kan oppfattast som uryddig/uheldig.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 25/18: *«Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapporten til orientering, og finn ikkje grunnlag for å undersøke saka nærare.*

Kontrollutvalet vil understreke viktigheten av å være bevisst på habilitetsreglane i alle fasar av saksbehandlinga.»

6. Selskapskontroll

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 6

Det er utarbeidd **Overordna analyse og Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 3.10.2016, sak 25/16 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 27.10.2016 i K sak 95/2016.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Vestnes kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 21.10.2010 i k-sak 76/2010. Eit slikt dokument bør jamleg reviderast, noko som ikkje er gjennomført i Vestnes kommune. Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunen og kommunen sine representantar i selskapa. Det er også et viktig reiskap i kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet har ikkje bestilt eller gjennomført nokon selskapskontrollar i perioden.

I kontrollutvalet sitt møte 16.11.2016, handsama kontrollutvalet ei sak (34/16) om møteavvikling i Ørskogfjellet Skisenteer AS. Bakgrunnen for saka var problemstillingar knytt til avvikling av ei eventuell ekstraordinær generalforsamling i selskapet. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar om at Ørskogfjell skisenter AS og andre aksjeselskap som er heileigd av Vestnes kommune, følgjer kommunelova sine reglar om møteoffentlegheit.

Kommunelova § 80 innsyn og undersøkelser i selskaper, seier at «..Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møte i representantskap og tilsvarende organ.»

Administrasjonssjefen har på e-post 22.11.2016 til kommunen sine heileigde selskap, gjort desse merksam på paragrafen. Selskapa er oppmoda om å sende kontrollutvalet, ved sekretariatet, kopi av innkallingar til generalforsamlingar.

I kontrollutvalet sitt møte 20.2.2018 fekk kontrollutvalet som referatsak (RS 01/18) framlagt resultatet av **Eierskapskontroll – ÅRIM** – Rapport datert 28.11.2017, Komrev3 IKS. Utvalet har i rapporten merka seg at det er ein kompetansediskusjon mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Det er også ein diskusjon om kven som skal handtere næringsavfallet i Ålesund kommune.

Kontrollutvalet har heile perioden motteke protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM. Eittr oppmodinga frå administrasjonssjefen er kontrollutvalet også vorte varsla om generalforsamlingar i Vestnes Energi AS.

I kontrollutvalet sitt møte 26.6.2019, OS 02/19, hadde utvalet eit ønskje om å få meir kunnskap om eitt av dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. Det var bedt om å få ei orientering om følgjande, knytt til **Vestnes Energi AS**:

- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Organisering av selskapet
- Økonomien i selskapet
- utfordringar
- Rekruterings- og kompetansebehov
- Kva tenkjer selskapet om utbyttepolitikken?
- Status for leiligheitsprosjektet på Livneset, kostnader so langt
- Vil denne satsinga gå ut over utbytte?
- Vert det vidare satsing på bustadbygging?

Administrerande direktør Stein Bergheim orienterte utvalet, det vert vist til møteprotokoll for detaljar.

7. Påsjå-ansvar overfor revisjon

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 3

Med bakgrunn i å være folkevalte lekfolk, utan nokon revisjonsfaglig bakgrunn, kan det opplevast som utfordrande å ha ansvar for at kommunen har ei god revisjonsordning. Når det gjeld rekneskapsrevisjon så gir kontrollutvalgsforskrifta meir innhald til kva som ligg i omgrepet forsvarleg revisjonsordning:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.”

Forskrift om kontrollutvalg § 6

For forvaltningsrevisjon og selskapskontroll seier ikkje kontrollutvalgsforskrifta noko bestemt om kva for slags kvalitetskrav som skal leggjast til grunn for arbeidet. Forskrift om revisjon peiker likevel på at :

”Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt”

Forskrift om revisjon § 7

Det er i forskrifta fastsett formelle krav som skal stillast til valt revisor, medrekna krav til utdanning, vandel, sjølvstende og objektivitet. Desse forholda kviler det eit ansvar på revisor å dokumentere, og det er etablert rutinar for at dette skjer.

Det som kan opplevast som ei større utfordring er å følgje med på at innhaldet i revisjonsarbeidet skjer på ein tilfredsstillande måte, og finne gode ordningar for korleis utvalet kontinuerleg kan vere oppdatert og vere trygg for at revisjonsordninga er tilfredsstillande.

Kontrollutvalgssekretariatet i Vestnes har inngått ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 22.11.2017, sak 33/17.

I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

For å følgje opp sitt ansvar slik det går fram av formelle krav i forskriftene og i dei omtalte avtalane, har kontrollutvalet lagt vekt på ein god dialog med revisor. Revisor skal gje kontrollutvalet informasjon om det løpende revisjonsarbeidet og enkeltprosjekt.

For forvaltningsrevisjon føregår dialogen i hovudsak knytt til prosjekt og knytt til førebuingar til plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har lagt vekt på at kommunikasjon med revisor skal bidra til at undersøkingane får det fokus utvalet ønskjer. Utover planlegging og framlegging av prosjektplan og rapportar, deltek forvaltningsrevisor i møter på førespurnad frå utvalet.

Kontrollutvalet meiner å ha funne gode samarbeidsordningar og etablert rutinar som set utvalet i stand til å ha nødvendig informasjon om revisjonsarbeidet til å ha tryggleik for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I tillegg har kontrollutvalet hausten 2018, for første gang, handsama ein systematisk gjennomgang av revisjonen sitt arbeid. Denne vart gjennomført med bakgrunn i Norges kommunerevisors forbund sine rettleiarar «Kontrollutvalgets påseansvar for regnskapsrevisjon» og «Kontrollutvalgets påseansvar for forvaltningsrevisjon».

- **Vurdering av kontrollutvalgets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017.**

Ut frå gjennomgangen som vart gjort, vart det vurdert at revisjonsordninga som Vestnes kommune har hadde revisjonsåret 2017, var forsvarleg.

Tilsvarande behandlar kontrollutvalet i møte 2.9.2019

- **Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for revisjon - revisjonsåret 2018.**

8. Erfaringar frå arbeidet i denne valperioden

8.1 Forholdet til politisk leiing

Kontrollutvalet utfører tilsynsfunksjonen på vegne kommunestyret, som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn. Utvalet har gjennom heile perioden vore oppteken av å ha god dialog med den politisk leiinga og oppdatert kjennskap til kva som til kvar ein tid er kommunestyret sine behov. Ordførar/Varaordførar har vore tilstades i nokre av møta til kontrollutvalet.

Saker frå kontrollutvalet vert løpande lagt fram for kommunestyret, anten det er rapporter frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar, årsmeldingar eller planar for selskapskontroll eller forvaltningsrevisjon.

8.2 Forholdet til administrativ leiing

Kontrollutvalet opplever å ha gode relasjonar til administrativ leiing og stor nytte av positiv dialog om generelle forhold i kommunen og i samband med konkrete prosjekt og oppgåver. Administrasjonen gir informasjon og deltek i møter når kontrollutvalet ber om det og gir uttrykk for å ha forståing for kontrollutvalet si rolle og arbeid.

Utvalet har lagt vekt på å lytte til signal frå administrasjonen blant anna ved å ha samtalar og å vere opne for innspel i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. På den måten har det framkome viktig kunnskap frå dei som kjenner organisasjonen best og ein har hatt høve til å avstemme oppfatningar rundt utfordringar og risiko i organisasjonen. Denne informasjonen har vore nyttig i kontrollutvalet si utveljing av prosjekt, når dei har lagt vekt på å gjere prioriteringar ut frå mest moglege tilgjengeleg informasjon.

Når det gjelder kommunikasjonen i samband med dei enkelte prosjekta eller revisjonsarbeidet elles, er det revisorane sitt ansvarsområde og ikkje noko kontrollutvalet involverer seg i. Kontrollutvalet har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine vedtak i kontroll- og tilsynssaker. I dei tilfella der vedtaka set krav til administrasjonen si oppfølging, vert i stor grad fristar for oppfølging og rapportering overhaldt. Administrasjonen synes å ha lojalitet til vedtaka.

Vedtaksoppfølginga er i hovudsak god og administrasjonen si etterleving av kontroll- og tilsynssaker er i stor grad tilfredsstillande.

8.3 Val av revisjonsordning. Val av revisor

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var moglege å få til ei samanslåing av selskapa Ved årsskiftet 2018/2019

vedtok representantskapa i de to selskapa å slutta seg til konklusjonar og innstilling om å etablere eit samvirkeforetak; Møre og Romsdal SA. Det vart sendt ei tilråding til eigarkommunar/fellesnemnder om å stifte selskapet.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor.

Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje var tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning, så vurderte sekretariatet at det var naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret fekk ei beskriving av dei ulike alternativa som var å velje. Det var eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det var tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

Kontrollutvalet si tilråding

1. Vestnes kommunestyret godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kommunestyret i Vestnes fatta vedtak i samsvar med innstillinga i møte 23.5.2019, sak 40/2019. I same møte vedtok også kommunestyret å etablere det nye revisjonsselskapet. Stifting av selskapet er planlagt til 23.8.2019.

9. Oppsummering

Med bakgrunn i mandat og det arbeidet som kontrollutvalet har gjort for Vestnes kommune i valperioden 2015-2019, er utvalet sine medlemmer av den oppfatning at kontrollutvalet har ei viktig rolle i ein lærande organisasjon i stadig utvikling.

Kontrollutvalet har i valperioden hatt viktige og spanande oppgåver der ein har belyst mange av kommunen sine tenesteområder. Utvalet opplever stort sett at det er god forståing for kontrollorganet si rolle og funksjon i kommunen, noko som er avgjerande for at utvalet skal kunne gjere ein god jobb. Kontrollutvalet har i valperioden fått laga nødvendige plandokument: Plan for selskaps-kontroll og plan for forvaltningsrevisjon, som er blitt rullert årleg. Plan for kontrollutvalet si verksemd i perioden 2016-2019, kom også på plass. Planverket er såleis på plass og gjennomføringa er gjort i medhald av målsettingane som er satt.

Målet om å vere uavhengig i sitt arbeid meiner kontrollutvalet at dei har ivaretatt. I utvalet sine møter er det kontroll og tilsynsperspektivet som styrer diskusjon og vedtak, mens partipolitiske omsyn vert lagt til side. Sakene som er handsama i utvalet ber ikkje preg av å vere politiske omkampar eller ha partipolitiske agendaer. Utvalet har vore bevisst på problemstillingar knytt til sjølvstende og satt dette høgt i sitt arbeid.

Avslutningsvis vil kontrollutvalet takke kommunestyret og administrasjonen i Vestnes kommune for eit godt samarbeid i valperioden, som har bidrege til konstruktivt samarbeid og gode resultat.

Kontrollutvalet vil med dette ønske det påtroppande kontrollutvalet lykke til i den neste valperioden der nye interessante og krevjande oppgåver venter.

Stig Holmstrøm
leiar

Gro Ødegård
nestleiar

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Birgit Torkildson Grotle
medlem